



Nordplan AS
Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Nordplan har vore engasjert som landskapsarkitekt og lysdesigner i eit utomhusprosjekt for å finne hovudgrep kring Eikaasgalleriet ved Jølstravatnet. Tilkømt for buss og bil, samt naudsynte leveransar til galleriet skal ivaretaast. Det har vore viktig å organisere gang- og køyresone, i denne planen er det nytta materialkontrast og lyssetting for å gjere det lettlesleg og oversiktleg.

Uteområdet er tenkt som eit mindre parkanlegg, og er skissert opparbeidd med frodige plenareal og store tre. Nokre mindre bed og planterekker strammar opp og skjermar opphald- og gangsoner. E39 går forbi og er ei viktig invitasjonssone. Parkarealet skal møblerast med skulpturar og det er foreslått å lyssette invitasjonspunkt mot aust og vest. Samstundes vender utomhuset vegen ryggen og dyrkar den rolege sona langs vatnet til opphald. Med eit flott opparbeidd areal og god parkering vil Eikaasgalleriet og Ålhus kunne oppleve auka aktivitet i tida framover.

Byggherre:	Jølster Kommune
Oppdrag:	Konseptfase
Fagområde:	Landskapsarkitektur og lysdesign
Stad:	Jølster kommune
Areal:	10 000 m ²
År:	2017-2018